

TEIKNFORKLARING

- Grense for verna vassdrag Planområde

KLASSEINNDELING:

- **KLASSE 1:** Område med høg grad av menneskeleg påverkna
- **KLASSE 2:** Område med middels grad av menneskeleg påverknad
- **KLASSE 3:** Område med liten grad av menneskeleg påverknad
- Verna naturområder (30 Kommunenummer, 009 Reg. nr. i EDNA)
- Viktige naturområder (30 Kommunenummer, 050 Reg. nr. i EDNA)
- Viktige friluftsområder (228 Reg. nr. i FRIDA)
- Fossefall
- Riks-, Fylkes-, Kommunalveg
- Privat-, Skogsveg
- Veganlegg

KULTURMINNER:

- Steinalderlokalitet
- Gårdsanlegg, Tuft, Boplass Gårdshaug, Ødegård
- Jaktbu, Fiskebu, Koie, Kvilebu Hytte, Naust, Damstue
- Heller/Hule, Tuft, Kolgrop Rasteplass, Kvileplass
- Seter, Sommarfjøs
- Setertuft, Ødestøl
- Slåttemark, Utløe, Engløe
- Fiskeplass, Fiskeinnretning
- Gravminner, Haug, Røys Kammer, Bautastein
- Helleristninger, Skålgroper Offerplasser, Hellig fjell
- Fangstgrav for rein/elg
- Gruve, Smeltovn, anna industri
- Tømmerfløytingsanlegg Elveforbyggning
- Vass-sag og andre vassdrevne innretningar
- Eldre kraftverk
- Bru, Vadestad
- Fjellstue, Turiststasjon Hotell, Handel
- Skole, Kirke, Forsamlingslokale

FORVALTNINGSKATEGORIAR:

- er retningslinjer for ein individuell skønnsmessig vurdering av einskilde inngrep/tiltak.
- er gjeve frå 1 til 4, der aukande tal viser aukande konfliktgrad og krev derfor ei grundigare vurdering av dei ulike interesser som tiltaket/inngrepet kan ha verknad på.
- fagleg vurdering er del av grunnlaget for godkjenning etter gjeldande lovverk.
- eventuelle ulemper vert vurdert opp mot nytten av tiltaket/inngrepet.

Dei fire kategoriane er som følger:

1 = Tiltak/inngrep som normalt kan gjennomførast.
2 = Tiltak/inngrep som normalt ikkje er i konflikt med vernekriteria.
3 = Tiltak/inngrep som normalt vil vere i konflikt med vernekriteria.
4 = Tiltak/inngrep er i konflikt med vernekriteria. Kan eventuelt gjennomførast etter særskildt løyve.

Mogelege type tiltak/inngrep er lista opp, og det er skilt mellom tiltak/inngrep i vassystemet og utanom vassystemet.
Vassystemet er definert som høgste årlege flaumvasstand, og ned til bekker som normalt har vassføring og ikkje går "tørre" i sommarhalvåret.

TILTAK/INNGREP I VASS-SYSTEMET

Inngrepstypar	Klasse 1	Klasse 2	Klasse 3	Krev godkjenning *
Kanalisering/senking	2	3	4	x
Masseuttak	3	3	3	x
Grusuttak til husbruk - inntil 25 m3	1	1	2	
Vassforsyning til industri og fiskeoppdrett	2	2	4	x
Fiskeoppdrettsanlegg	4	4	4	x
Utslepp av ureinande stoffer	4	4	4	x
Bekkelukking	2	2	4	x
Fjerning av kantskog*	3	3	4	x a b
Utfylling i vass-systemet	3	3	4	x
Vasskraftutbygging (småskala)	3	3	4	x
Fiskekultiveringstiltak	1	1	1	x c
Flaum-/erosjonsikring og flaumsenking	2	2	3	x
Veganlegg/bru	3	3	4	x
Sti-/turveg	1	1	2	
Gang-/sykkel-veg	2	2	3	x
Brygge/molo	2	3	4	x
Motorisert ferdsel	3	3	4	x d
Naust	2	2	2	x

TILTAK/INNGREP UTANOM VASS-SYSTEMET

Inngrepstypar	Klasse 1	Klasse 2	Klasse 3	Krev godkjenning *
Utbygging :				
Bygg og anlegg	2	2	4	x
Bustad- og hyttebygging (spreidd/i felt)	2	2	3	x
Landbruk :				
Nydyrking	2	2	3	x a
Bakkeplanering/kanalisering	2	2	4	x a
Flatehogst, treslagskifte	2	2	3	x
Private vegar (unntak jordbr.veg)	2	2	3	x
Andre tiltak/inngrep :				
Råstoffutvinning, massetak	3	3	3	x
Kraftlinjer	3	3	4	x
Skytefelt/-baner	4	4	4	x

* etter gjeldande lovverk

a: vanleg skjøtsel av kantskog er tillate
b: landbruket sitt kulturlandskap
c: kalking krev ikkje godkjenning
d: unntak etter lov om motorferdsel i utmark og vassdrag, § 4

NVE REGION VEST — GAULAR KOMMUNE — FØRDE KOMMUNE — BALESTRAND KOMMUNE — FYLKESMANNEN SOGN OG FJORDANE

DIFFERENSIERT FORVALTNING AV GAULARVASSDRAGET


Foto: Helge Sunde

KOMMUNEDELPLAN
FOR
GAULAR, FØRDE OG BALESTRAND

Målestokk 1 : 65 000 — **16.02.1996**

DIFFERENSIERT FORVALTNING

AV

GAULARVASSDRAGET

KOMMUNEDELPLAN FOR KOMMUNANE BALESTRAND, FØRDE OG GAULAR

I samsvar med plan og bygningslova § 20-5 er planen vedteken i kommunane:

Balestrand sak K 96/00A6 i kommunestyret 30.04.96

Førde sak 26/96 i kommunestyret 30.04.96

Gaular sak K 56/96 i kommunestyret 27.06.96, med tillegg jf. pkt. 3.5.

1.0 INNLEIING

1.1 Bakgrunn for planen

Kommunane Balestrand, Førde og Gaular vart i 1994 førespurd av Norges Vassdrags- og Energiverk om ein ville ta del i ei prøveprosjekt der ein skulle utarbeide ein forvaltningsplan for Gaularvassdraget. Dette var kommunane interessert i, jf politiske vedtak, og føreburde planarbeid starta hausten 1994.

Utgangspunktet for prosjektet er at Gaularvassdraget vart vurna mot kraftutbygging i 1993 gjennom Verneplan IV. Sjølv om utgangspunktet for vernet var vern mot kraftutbygging, har Stortinget ved fleire høve presisert at ein skal søkje å unngå andre inngrep både i sjølve vasstrengen og nedbørsfeltet som kan redusere verneverdiane. På bakgrunn av dette ynskjer ein å konkretisere nasjonale retningslinjer til ein kommunal forvaltningsplan. Denne type arbeid er det første i Sogn og Fjordane, og er blant 16 prøveprosjekt i landet.

1.2 Målsetjingar

Hovudmåla med planarbeidet er:

1) Få ein god og samordna forvaltning av Gaularvassdraget der omsynet til natur og kulturfaglege verdiar er grunnlaget for forvaltninga
2) Få ei sams forståing av felles forvaltningsreglar på tvers av forvaltningsnivåa og kommunegrensene.
3) Informere om verdiane i vassdraget og om korleis ulike tiltak/inngrep vil kunne bli vurdert.
4) Leggje til rette for god og balansert utnytting av ressursane i området.

Andre føremål med planen er mellom anna å klårgjere korleis forvaltninga stiller seg til ulike tiltak og inngrep. Kommunane vil på dette vis få ei betre grunnlag til å vurdere ein langsiktig forvaltnings-strategi. Planen kan sjåast på som ei «grunnlagsinvestering» som vil lette og gjøre komande sakshandsaming meir rasjonell og samordna.

Det er óg viktig at tiltakshavarane (søkjarane) ved hjelp av planen får ein peikepinn på kva grad dei ulike tiltak som er vurdert vil vere i konflikt med verneverdiane.

Kommunedelplanen er rettleiande og vurderingane er gjort på eit generelt grunnlag fordi det må vere rom for ei individuell og skjønnsmessig vurdering av dei ulike tiltak/inngrep som vert ønskte. Trekkjer ein generelle vurderingar for langt, kan dette stå uheldig ut både for verdiane som ein søkjer å ta vare på, men også omsynet til tiltakshavarane som søkjer om løyve til ulike tiltak/inngrep. Hetmei tt å gje høyve tilsvarsk det enkelte tiltak/inngrep vil vere dei ymse sektorlovene. Den siste del av vurderinga på detalj nivå må såleis stå open til den aktuelle søknaden vert handsama.

Hestad landskapsvernområde, ivrandavetning mellom Hestadfjorden og Viksdalsvatnet. *Foto: Olav Reiakvam.*

Trykk: Statens kartverk 12-96



Osfossen med eldste lakseirapp i landet.Osen gard med sitt vakre kulturlandskap og sine kulturhistoriske verdiar. Ein viktig vidmarkslokalitet. *Foto: Olav Reiakvam.*

1.3 Organisering og struktur

Prosjektet er ein samarbeid på tvers av kommunegrensene og forvaltningsnivåa der ein søkjer å oppnå ei sams forståing av lovverket som vedkjem forvaltninga og dei ulike verdiar og særtrekka som vassdraget har. Desse momenta skal liggje til grunn for denne forvaltningsplanen.

Samarbeid på tvers av kommunegrensene og forvaltningsnivåa er nøkkelen til sams forståing og meir mogeleg samordna forvaltning av vassdraget. I samsvar med politisk vedtak vart det nedsett ei arbeidsgruppe og ei styringsgruppe i planarbeidet.

Gruppene har vore slik samansett:

Styringsgruppe

ordførar	Henrik Lunde (leiar)	Gaular kommune
ordførar	Aud Viken	Førde kommune
varaordførar	Kjell Fodnæs	Balestrand kom.
seksjonsleiar	Nils Yndesdal	Fylkesmannen Mva
regionsjef	Gunnstein Brakestad	NVE Region Vest

Arbeidsgruppe

overing. miljøvernleiar	Ivar Saigrov (leiar)	NVE Region Vest
	Arne Seljer	Førde kommune
jordbruksjef	Ingebjørg Indrebø	Førde kommune
jordbrukskons.	Wenche Hagestuen	Balestrand kom.
jordbruksrsjef	Jon Moldestad	Gaular kommune
avd. ing.	Martin Sande	Gaular kommune
miljøvernkons.	Sigmund Vereide	Gaular kommune
planforvaltar	Jofred Tukle	Fylkesmannen, Mva



Vallestadfossen *Foto: Dagfinn Vasstrand*

Sande sentrum med klasse 1 område og klasse 2 og 3 oppetter fjellsidene. *Foto: Dagfinn Vasstrand*

Prosess

Planarbeidet starta i 1994 og alle busstandar i planområdet vart varsla om arbeidet med planen gjennom ein eigen brosjyre. Planen låg ute til offentleg ettersyn (jf. plan- og bygningslova § 20-5) i tida mai - juni 1995. Innkomne merknader vart grundig handsama i arbeidsgruppa og styringsgruppa, og justert plan vart vedteken i dei tre kommunane april - juni 1996.

2.0 METODE OG GRUNNLAGSMATERIALE

2.1 Hovudprinsippa for differensiert forvaltning

NVE har utarbeidd prinsippa for ein planverktøy som er kalla «Differensiert forvaltning». Dette forvaltningsverktøyet er lagt opp slik at kommunane sjølve kan tilpasse det for dei einskilde vassdrag. Då vassdraga kan vere svært ulike vil ein «skreddarsy» forvaltningsplanar utifrå lokale tilhøve i det einskilde vassdraget. Dette gjer ein for å fange opp lokale særtrekk og verdiar. Samstundes gjer ein seg nytte av lokalkunnskapen ved lokal medverknad.

Planområdet deler ein inn i klasser etter menneskeleg påverknad. Ein vil på denne måten differensiere, eller på godt norsk: dele opp og skilje areal etter påverknad av tiltak/ inngrep. Hovudprinsippet er at ein vil vurdere eit inngrep strengare i ein påverka område enn mykje påverka område. Dei ulike klasseinndelingane for Gaularvassdraget er nærare omtala i kapitel 3.

Forvaltningskategoriar gjev eit signal om kva konsekvensar dei ulike tiltak/inngrep har for verdiar og særtrekk i planområdet. Denne vurderinga vert kopla opp mot klasseinndelinga. Dei ulike lovene som regulerer desse tiltaka er vurdert slik at forvaltningskategoriane er i tråd med desse. Lovgrunnlaget er nærare omtalt i kap. 2.2.3.

Ulike tiltak/inngrep er tildelte med verdi frå 1 til 4. Aukande konfliktgrad med verneverdiane vert avspegla av talverdien. Vurderingane er gjort på eit generelt grunnlag utifrå den kjønnskapen ein har om kva verknader tiltaka/ inngrepa får for dei ulike verneverdiane. Dei eksakte forvaltningskategoriane for Gaularvassdraget er nærare omtalt og lista opp i kap. 3.

Kommunedelplan Differensiert forvaltning av Gaularvassdraget er ein tematisk kommunedelplan, og gjev retningslinjer for tiltak/inngrep i vassdrag. Dette planen er ikkje juridisk bindande på arealbruken slik kommuneplanen sin arealdel er. Det vil vere det vil ein kvar tid gjeldande lovverk på området som eventuelt gjev juridisk grunnlag for eit tiltak/inngrep, eventuelle krav til godkjenning og/eller heimel til avslag.

2.2 Kriteria for Verneplan IV

Det er vanskjeleg å ta vare på verdiane og særtrekka i vassdraga som er hovudmålsetjinga med differensiert forvaltningsplan av verna vassdrag. Meininga med dette er at ein må kartleggje desse så godt som råd for å oppnå målsetjinga med planen.

Kriteria som er lagt til grunn i Verneplan IV er:

- Type- og referansevassdrag
- Kulturminne
- Landskap
- Friluftsliv
- Landbruk
- Vassfauna
- Landfauna
- Botanikk
- Geofag

Dei ulike verdiar og særtrekk for Gaularvassdraget vert nærare omtalt i kap. 3.1.

2.3 Lovgrunnlaget

Rikspolitiske retningslinjer (RPR) er gjevne ved kongeleg resolusjon av 10. november 1994 med heimel i plan og bygningslova. Desse retningslinjene er ei form for politikkformidling om nasjonale målsetjingar for forvaltning av dei vassdraga som er verna.

Ein rekke lovverk krev planar og handsaming av desse etter særlege prosedyrar. Plan- og bygningslova t.d. gjev høve til juridisk å binde opp arealbruken ved arealdelen i kommuneplanen og ved reguleringsplanar.

Differensiert forvaltningsplan er retningsgjevande for alle planar og ved handsaming av enkeltsaker i offentleg forvaltning som vedkjem Gaularvassdraget.

Siksomlitet med differensiert forvaltning er å få til ein samordning og å klårleggje meir på forehand om ei inngrep/tiltak vil få høyve eller ikkje.

Å vedta differensiert forvaltning som kommunedelplan vil vere å stå fast at dette skal gjelde som retningslinjer i all handsaming og forvaltning som vedkjem Gaularvassdraget.

Dei viktigaste lovene/føresegnene vil vere:

- Plan- og bygningslov
- Lov om vassdrag (Vassdragslova, særskilt §§ 10-4 - 10)
- Lov om laks- og innlandsfisk m.v.
- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (Forurensingslova)
- Jord- og skogbrukslovene
- Lov om motorferdsel i utmark
- Føresegn om areal- og kulturlandskapstillegg
- Føresegn om bakkeplanering

Til lovene er det knytt ein heil del sentrale og viktige føresegner og retningslinjer.

Anna lovverk som regulerer forvaltninga i og omkring verna vassdrag er kulturminnelova, naturvernlova, lov om oppdrett av fisk, skaldyr m.v. av 1985, kommunehelsetenestelova, energilova.

Vidare har ein positive verkemiddel som tilskotsordningar både sentralt og lokalt som skal stimulere ulike miljøtiltak.

Tilhøve til laks og innlandsfisk vil mellom anna vere viktige faktorar som må vurderast. Når det gjeld landbruksinteressene er skoglova og jordlova med føresegner for bygging av vegar, og føresegner for tiltak i kulturlandskapet med tilskot, viktige.

Føresegner om tiltak i kulturlandskapet seier mellom anna:

a) bekker og elvar skal ikkje kanalisere eller lukkes
b) åpne grøfter skal ikkje tildekkes
c) skogbryn, kantsoner og andre restareal mot innmark skal ikkje dyrkes opp
d) skurtømmer, steingjerde og tydningsmøysei skal ikkje fjernes
e) jordbruksarealer skal ikkje planeres
f) feudselsåker skal ikkje dyrkes opp eller stenges
g) kantvegetasjon og åkerholmer skal ikkje sprøytes med mindre dette er et ledd i skjøtselen av kulturlandskapet»

3.0 DIFFERENSIERT FORVALTNING AV GAULARVASSDRAGET

3.1 Verdiar og særtrekk

Gaularvassdraget som er om lag 70 km langt er det lengste låglandsvassdrag på Vestlandet og har eit variert natur- og kulturlandskap. Arealbruken har gjennom generasjonar forma arealbruks-mønsteret som er i kontinuerleg endring. Lauvskoglier, beitemark og produktive jordbruksareal er sentrale landskapselement samen med vasstrengen. Kulturlandskapet og kulturminna vitnar og fortel om mangslungen ressursbruk. Spesielt kan utnytting av vasskraft ved vassdrevne anlegg i mange variantar nemnast.

Gaula med sine 29 markerte fossefall, mange strie stryk, vassbasseng og loner, er livsnerven gjennom landskapet frå bre til hav. I øvre del av Haukedalsgreina er vassdraget innlemma i Jostedalsbreen nasjonalpark, medan Eldals-greina har sitt utspring i Jostefonn på Gaularfjellet. I Haukedalsgreina er rike lauvskoglier med ei rekke sjøørvefuglar, hønsefuglar, rovfuglar og ugler godt representert. Ved Grønengstølsvatnet finn ein delta med utprega flaumarkslandskap.

Store vassbasseng i opne daler. Her representert ved Nesavatnet framme, Hestadfjorden og Viksdalsvatnet. Hauken sag i framgrunnen. Klasse 2 område strekkjer seg opp så langt som skogen er økonomisk drivverdig. *Foto: Olav Reiakvam.*

Utlepsdelta med flaumarkslandskap og fleire kulturminne i samband med stølen og slåttemarka. Grønengstølsvatnet med Grønengstølane. Eit klasse 3 område med høve til klasse 2 vurdering i samband med landbruksdrift. *Foto: Olav Reiakvam.*

Vikja, bygdesenteret i Viksdalen. Klasse 1 område med klasse 2 område omkring og oppetter Viksdalen. *Foto: Olav Reiakvam.*

Osen, der Gaula munnar ut i Dalsfjorden, er kjent for både kulturhistorisk- og naturfaglege verdiar. Ved Osfossen fin vi den eldste lakseirappa i landet. Osen er også eitt av dei få utlaups-delta i fylket som framleis ligg tilnærma urørt utan større inngrep. Forutan Osen har ein vårmarkslokalitetar som Bringelandsvatnet og Espelandsvatnet. Gaularvassdraget har høg biologisk produktivitet og vert mykje nytta til fiske etter aurr og laks. Friluftskvalitetane i vassdraget er store og varierte, og spesielt kan Langelandi og Gaularfjellet nemnast som mykje nytta utfartsområde.

Grunnlaget for verdivurderingane som er gjort i Gaularvassdraget byggjer på kjelder frå:

Verneplan IV. NOU 1991:12A. Olje- og energidepartementet 1991
Samla Plan (1984), for registrering av kulturminne
EDNA - EDB-register for naturverndata (fm i S og Fj 1992)
FRIDA, friluftsområde data (fm i S og Fj 1994)

Verneplan IV si samla vurdering av verdiane:

Landbruksinteresser:	svært stor verdi
Geofag:	middels verneverdi
Botanikk:	svært stor verneverdi
Landfauna:	svært stor verneverdi
Vassfauna:	stor verneverdi
Kulturminne:	svært stor verneverdi
Friluftsinteresser:	svært stor verdi

3.2 Planområde

Det er vassdraget og heile nedbørsfeltet som er verna mot kraftutbygging. Storlinjet har fleire gonger presisert at vernet også gjeld andre inngrep som kan skade dei verdiar og særtrekk som låg til grunn for vernet. Når det gjeld Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (RPR) definerer dei sitt virkeområde i høve Plan- og bygningslova (PBL). Lova gjev høve til å kunne leggje restriksjonar på bruken av areal innanfor ein avstand på inntil 100 meter frå vassdraget (PBL §20-4, pkt f). Vassdragsbelte er i RPR definert som bredden, sideelver, større bekker, sjøar og tjørn (RPR pkt. 1). For Gaularvassdraget med sitt nett av bekker og tjørn er det vanskeleg å nytte 100 meters reglen utan at det vil omfatte heile nedbørsfeltet. Viktige verneverdiar finn vi også i heile nedbørsfeltet.

Plan for differensiert forvaltning av Gaularvassdraget nyttar heile nedbørsfeltet som planområde. Det vert ikkje skilt mellom hovedvassdrag og sidevassdrag.

3.3 Klasseinndeling

For å kunne oppnå ein forvaltningsstrategi for tilnærma liat påverka areal er nedbørsfeltet delt inn i tre klasser. Skilnaden mellom klassane er gjort i høve til kor mykje menneskeleg påverkaad landskapet har. På plankartet er klassane imiteikna og avgrensa i grove snitt, noko som medfører at ein i terrenget vil kunne finne ulik menneskeleg påverkaad av arealet innan same klasse.

Risbotnvatnet, eit klasse 3 område, høgfjell med svært gode tilhøve for friluftsliv. *Foto: Olav Reiakvam.*

Plankartet som viser klasseinndelinga er meint som ett visuelt hjelpemiddel.

Det er såleis den reelle arealtilstanden på kvart einskild område som vert lagt til grunn for vurderingane under sakshandsaminga.

Grense mellom klasse 2 og 3 er lagt der gjeldande skogglanar viser økonomisk drivverdig skog.

Klasse 1: Område med høg grad av menneskeleg påverknad.

Område i og nær tettstader. Arealet vil vere påverka av inngrep/tiltak. Verneverdiar er serleg knytt til kulturlandskap og kulturminne, nærfriluftsliv, og vassdraget som eit viktig landskapselement i tettbygde miljø. Det er viktig å ta vare på dette som ein faktor som skapar trivnad.

Det skal særleg leggjast vekt på at inngrep/tiltak ikkje skadar opplevingar av vassdraget, dei pedagogiske verdiane, og friluftsinteresser som mellom anna fiske og tilgjenge langsmed vassdraget.

Klasse 2: Område med middels grad av menneskeleg påverknad.

Område med og høve til aktivt landbruk og spreidd busetnad. Arealet vil i varierande grad vere påverka av tiltak/inngrep.

Verneverdiar er store og knytt til overordna landskapsrom, kulturlandskap, og kulturminne, samt nærfriluftsliv og særlege naturfaglege tilhøve.

Det skal særleg leggjast vekt på å ta vare på friluftsområde og særlege verneverdiar område/forekomstar, men også kulturlandskapet og fiskeproduksjonen er viktige verdiar (til dømes siell av kultvegetasjon).

Klasse 3: Område med liten grad av menneskeleg påverknad

Område med relativt urørt natur. Her fins ein beite og umtakovis spreidd busetnad/landbruksdrift. Stølar og andre fritidsbygg vil vere vanleg.

Det er store verneverdiar knytt til nedbørsfeltet som system, og det vil vere viktige verneinteresser til fleire fagfelt (til dømes naturvern, friluftsliv o.l.).

Det inneber ved desse områda må tiltakst vare på, og tiltak/inngrep må ikkje skade konkrete verneverdiar.

Stølsområde og andre viktige omrøder

For stølsområde og omrøde som på bonitetskart (NIJOS 1978) er vist som dyrkningsjord med god kvalitet (t.d. Vågsdalen) kan tiltak og anlegg som har direkte samanheng med tradisjonell, stadbunden og vanleg landbruksdrift, handsamast i samsvar med rettningslinjer for klasse 2. Område på sørsida av Haukedalsvatnet frå Kirsaudelva til Skåpnaset som ligg i klasse 2 er eit område med lite tekniske inngrep, og tiltak/inngrep her må utførast med varsemd.

3.4 Forvaltningskategoriar

Sjå framsida av kart.

Rike lauvskogsliar med eit variert fugleliv. Nesfjellet i Haukedalen. *Foto: Olav Reiakvam.*

3.5 Søknad og handsamingsprosedyrer

Prosedyrar vil vere noko forskjellig for ulike inngrepstypar. Dette heng mellom anna saman med at forskjellige lovverk må takast omsyn til, og at fleire forvaltningsorgan dermed kjem inn med ansvar. Det viktigaste forvaltningsorgan er:

Kommunen - Landbrukskontor, Miljøvernleiar
Planavdeling/Teknisk etat.
Fylkesmannen - Landbruksavdelinga, Miljøvernavdelinga
Norges vassdrags- og energiverk - Region Vest
Fylkeskommunen - Regionalstaben, Kulturseksjonen

Under oppfølginga av tiltak/inngrep går det tram at det første tiltak krev i dag ein godkjenning eller gjeldande lovverk. Ta kontakt med kommunen for å få avklåra nærare om kva for lovverk dei enkelte tiltak skal handsamast etter, og om søknadsprosedyrar og om eventuelle søknadsskjema.

I samband med eit tiltak er det viktig at planstatus (kommuneplan sin arealdel, reguleringsplan/utbyggingsplan eventuelt anna bandlegging) for området vert avklåra på eit tidleg stadium.

Gaular kommune vedtok i sak K 56/96, planvedtak, følgjande tillegg:

«Kommunedelplan «Differensiert forvaltning for Gaularvassdraget» må handsamast slik at den legg til rette for god og balansert utnytting av ressursane slik at næringsverksemda kan utviklast i framtida.»

REFERANSAR

- Samla plan for vassdrag - Vassdragsrapport - 337 Gaularvassdraget, mai 1984
- Verneplan IV, vedtaken 1. april 1993 - NOU 1991:12 A og NOU 1991:12 B, St.prp. nr.118
- Differensiert forvaltning av verneverdi vassdrag - Publikasjon nr. 20 frå NVE av Steinar Petterson og Olianne Eikenæs.
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag - gjevne ved kongeleg resolusjon av 10. november 1994.
- Forvaltning av verneverdi vassdrag - perm mars 1995 -

utarbeidd av Direktoratet for naturforvaltning og Norges vassdrag- og energiverk.

Gjennomgang av merknader etter utlegging til offentleg ettersyn, dat. 28.11.95.

ADRESSER

- Balestrand kommune, 5850 Balestrand — Tlf.: 57 69 11 08
- Førde kommune, Postboks 338, 6801 Førde — Tlf.: 57 72 20 00
- Gaular kommune, 6830 Sande i Sunnfjord — Tlf.: 57 71 61 07
- NVE Region Vest, Postboks 53, 6801 Førde — Tlf.: 57 82 12 44
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Miljøvernavdelinga, 5840 Hermansverk — Tlf.: 57 65 50 00
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Landbruksavdelinga i Førde, Postboks 14, 6801 Førde — Tlf.: 57 72 32 00
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Regionalstaben, 5840 Hermansverk — Tlf.: 57 65 61 00
- Sogn og Fjordane Fylkeskommune, Kulturseksjonen, Postboks 173, 6801 Førde — Tlf.: 57 82 50 00



Fossfossen *Foto: Olav Reiakvam.*